

# FRÅ SANNING TIL FORSONING

KETIL ZACHARIASSEN

Sannhets- og forsoningskommisjonen overleverte sin rapport til Stortinget 1. juni 2023. Rapporten *Sannhet og forsoning – Grunnlag for et oppgjør med fornorskingspolitikk og urett mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner* svarte ut mandatet Stortinget hadde gjeve kommisjonen fem år tidlegare. Oppgåva var i korte trekk å gjere ei historisk kartlegging av bakgrunnen for og innhaldet i fornorskingspolitikken, undersøkje konsekvensane av fornorskingspolitikken på kort og lang sikt og kome med forslag om tiltak til vidare forsoning. Som tittelen på rapporten peikar på var oppgåva å etablere sanninga om fornorskingspolitikken og med det legge til rette for at samfunnet som heilskap tar eit oppgjør med assimilasjonspolitikken og uretten mot samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar. I kommisjonen si tilnærming til mandatet var det, på same vis som i bestillinga frå Stortinget, ei forståing av at forsoningsprosessen må bygge på kunnskap og erkjenning.

## NY INNSIKT OG ERKJENNING

Eg skal ikkje legge skjul på at arbeidet i kommisjonen var krevjande. Tematikken i seg sjølv var alvorleg, historiene som blei delt med oss gjekk inn på meg og ansvaret gjeve oss var tidvis tyngande. Vi var utpeikt av Stortinget ut frå vår kompetanse og utan å skulle representere nokre særskilte grupper, i alt 11 fagpersonar i tillegg kom Dagfinn Høybråten som var sett til å leie arbeidet. Ingen av oss var frikjøpt til kommisjonsarbeidet, men alle la ned ei formidabel arbeidsinnsats. Til å hjelpe oss hadde kommisjonen eit sekretariat på fem personar som arbeida fulltid. I nærmare 5 år heldt vi på. Vi hadde over 30 kommisjonsmøter, fleire av dei over fleire dagar. I tillegg reiste vi nærmast landet rundt, som regel 2-3 stykkar i lag, og hadde 37 opne møter og kaffemøter der vi presenterte arbeidet til kommisjonen og høyrte folks oppleving av fornorskingspolitikken og kva for konsekvensar den hadde hatt for dei. Til saman fekk kommisjonen inn 766 personlege historier og innspel på møta og i alt har 522 intervju og skriftlege personlege historier vore analysert.

Ikkje alle hadde trua på kommisjonen. Interesse frå media og opinionen var lenge laber, i nokre av dei miljøa kommisjonen retta seg mot var det tidvis motstand og mistenkeliggjering av arbeidet. Men på nyåret 2023 merka vi at stemninga var i ferd med å snu, interessa og forventningane auka. På same tid var arbeidet i kommisjonen på sitt mest intense. 12 personar, alle med sin faglege og personlege ballast, skulle einest.